

OSTERØY IDROTTSKLAG  
SKIGRUPPA

ÅRSMELDING 1998

Med i styret i 1998:

|             |   |                      |                   |
|-------------|---|----------------------|-------------------|
| Leiar       | : | Yngvar Mjelde        | valgt for 1998    |
| Kasserar    | : | Bente Rosvold Midtun | valgt for 1998    |
| Skrivar     | : | Rune Vassdal         | valgt for 1998/99 |
| Styremedlem | : | Øyvind Aasheim       | valgt for 1998/99 |
| Styremedlem | : | Arvid Rolland        | valgt for 1998/99 |
| Styremedlem | : | Øyvind Litland       | valgt for 1998    |
| Styremedlem | : | Kjersti Småland      | valgt for 1998    |
| Varamedlem  | : | Grete Brandsdal      | valgt for 1998    |
| Valnemnd    | : | Olav Johan Hatland   | valgt for 1998    |
| Valnemnd    | : | Svein Refsnes        | valgt for 1998    |
| Valnemnd    | : | Grete Brandsdal      | valgt for 1998    |

Styret har hatt 8 styremøter og har behandla over 50 saker så også dette året har vert eit aktivt år for styret.

### REKRUTTERING

I år har skigruppa 86 medlemmer mot 72 året før. Med eit par gode snøvintrar og fortsatt satsing på trivselfaktorer vil me nok greia å halda på dei fleste og dermed sikra eit stabilt medlemstal. Stabilt medlemstal er og avhengig av at me får med foreldrene i organisasjonsarbeidet og i dugnadsarbeid.

### TRENING

Før sesongen starta vart den tradisjonelle snøsamlinga på Geilo avvikla. I skisesongen har løparane trent jevnt eit par dager i veka i tillegg til deltaking på renn i helgane. Ein del av styrketreninga har denne sesongen gått føre seg i skihytta på Rolland. Der er ei del vegger fjerna og det er tilrettelagt for apparattrening m.m. Etter sesongen hadde styret sammen med løparane ein oppsummering og evaluering av sesongen. Dette var i år som i fjor eit svært positivt møte der ein diskuterte treningsopplegget, erfaringer fra renndeltaking og vidare satsing fremover.

Etter sesongen har alle aktive hatt tilbud om 4 treningar i veka frå juni måned og utover. Treninga er sammensatt av fjellturer, terrengsykling og rulleskigåing. Dette er stort sett same treningsopplegget som me har følgd dei siste åra, så løparane veit kva dei går til.

I sommer skipa me til ei miljøsamling der me overnatta i Villmarksleiren ved Storavatnet på Bruvikdalen. I høst var det barmarksamling med overnatting på Posthytta på Geilo med 22 aktive og ledere. Første veka i desember var me på nytt til Geilo på skisamling, på denne samlinga var det 23 aktive og ledere med, overnatting som vanleg i Posthytta. Det var lite snø og det var kaldt men me fekk gjennomført 2 treningsøkter kvar dag.

### LYSLØYPA / KLUBBHUSET

I år har det våre utført storarbeid i lysløypetraseen. Store deler av traseen er grusa. Det høyrer enkelt ut, men det er ein fenomenal innsats som er lagt ned. Grusen er frakta ut i terrenget med innlånte traktorer som igjen er kjørt av ei håndfull ildsjeler på deira fritid. Løypa framstår no som ein trase som det no er mulig å sykla i, trena uten å bli altfor skitten, samstundes vert det mykje bedre for turgåarar heile året igjennom. Løypa vil også framstå som mykje meir funksjonell under forhold med lite snø.

Til dette omfattande arbeidet har me fått hjelp av spelemidlar frå Norsk Tipping.

I klubbhuset har det våre ein del mindre vedlikeholdsaktiviteter i år. Det er planer om ein større innsats i framtida.

Løypemaskin har ikkje våre mye i bruk, dette skuldast lite snø.

Reklameskilt stativet som var plassert ved riksvegen var av Vegvesenet pålagt flytta. Me anka til Vegdirektoratet men til ingen nytte. At skilta var synlig frå vegen var hovedproblemet. Dette lagde mykje arbeid og bryderi for oss heile sommeren med riving av 15 skilt og stolper m.m og oppsetting av nye stolper og remontering.

### INNTEKTER

Inntektene våre kjem som alltid frå dugnadsarbeid, loddsal, sal av lottoaksjer m.m. Skiltreklame er også kjærkomne midler, men det krev som nevnt ei god del arbeid å plassera dei slik at bilistene ikkje ser dei.

Me fekk i år kr. 25.000,- frå kommunen til vedlikehold av klubbhus og lysløypa.

Me har no sett i gang et større sponsorframstøt for å inngå meir langsiktige avtaler. Dette har gitt resultat, Hordaland Miljørens er no skigruppa sin hovedsponsor

Dette er nødvendig for å kunne oppretthold aktiviteten i skigruppa.

### SLUTTORD

Skigruppa vil også i framtida ta ansvar for å gi alle skiinteresserte best mulig tilbud i trening og renn, men dette kan me ikkje få til utan ein sunn økonomi. Så vi vil takka alle som støtter oss enten med dugnadsinnsats eller med reklameskilt på skistadion. Det er framleis heilt gratis for alle og ein kvar å benytta dei ferdigpreparerte løypene, både på dagtid og kveld. Skigruppa vil så langt ressursene strekk til organiser drift av løypene og parkeringa.

Med dagens moderen vegnett til Osterøy er skianlegget på Rolland også eit godt tilbud til alle «naboane» våre i Bergen og omegn som vil gå på ski i eit familievennlig terreng.

SKIGRUPPA  
Haus 22.01.1998

skriver

| Tekst   | Saldo             | Budsjett      |
|---|-------------------|---------------|
| <b>5 ADMINISTRASJON OG MØTER</b>                    |                   |               |
| Utgifter til tillitsvalde og medlemmar              |                   |               |
| Personellutgifter                                   | 3.500,00          | 0             |
| Gåver og utmerkelsar                                | 21.080,55         | 6.500         |
| <b>SUM - Utgifter til tillitsvalde og medlemmar</b> | <b>24.580,55</b>  | <b>6.500</b>  |
| <b>Møteutgifter</b>                                 |                   |               |
| Møteutgifter  | 27.636,00         | 8.100         |
| <b>SUM - Møteutgifter</b>                           | <b>27.636,00</b>  | <b>8.100</b>  |
| <b>Administrasjonsutgifter</b>                      |                   |               |
| Telefonutgifter                                     | 3.800,00          | 7.100         |
| Porto og forsendelse                                | 6.877,90          | 5.200         |
| Rekvisita   | 8.739,66          | 7.800         |
| Diverse adm. utg.                                   | 9.243,08          | 25.600        |
| <b>SUM - Administrasjonsutgifter</b>                | <b>28.660,64</b>  | <b>45.700</b> |
| <b>Informasjon</b>                                  |                   |               |
| Handb., medl. blad og rapportar                     | 24.484,56         | 15.900        |
| <b>SUM - Informasjon</b>                            | <b>24.484,56</b>  | <b>15.900</b> |
| <b>Marknadsføringstiltak</b>                        |                   |               |
| Marknadsføringstiltak                               | 8.116,00          | 8.000         |
| <b>SUM - Marknadsføringstiltak</b>                  | <b>8.116,00</b>   | <b>8.000</b>  |
| <b>SUM - ADMINISTRASJON OG MØTER</b>                | <b>113.477,75</b> | <b>84.200</b> |

| Konto nr   | Konto tekst                                      | Saldo            | Budsjett      |
|------------|--|------------------|---------------|
| <b>6</b>   | <b>ANLEGG/MASKINER- drift og investering</b>     |                  |               |
|            | Investering i baner og andre anlegg              | 6.554,00         | 5.000         |
| 6110       | Investering i baner og andre anlegg              |                  |               |
| <b>SUM</b> | <b>Investering i baner og andre anlegg</b>       | <b>6.554,00</b>  | <b>5.000</b>  |
|            | Investering i kjøretøy og maskiner               | 2.603,00         | 0             |
| 6210       | Investering i kjøretøy og maskiner               |                  |               |
| <b>SUM</b> | <b>Investering i kjøretøy og maskiner</b>        | <b>2.603,00</b>  | <b>0</b>      |
|            | Diverse driftsutgifter                           | 114,00           | 0             |
| 6810       | Iidrettsmateriell                                |                  |               |
| 6820       | Andre driftsutgifter                             | 1.500,00         | 1.500         |
| <b>SUM</b> | <b>Diverse driftsutgifter</b>                    | <b>1.614,00</b>  | <b>1.500</b>  |
| <b>SUM</b> | <b>ANLEGG/MASKINER- drift og investering</b>     | <b>10.771,00</b> | <b>6.500</b>  |
| <b>7</b>   | <b>TILSKOT/OVERFØRINGAR, ved innt.tiltak</b>     |                  |               |
|            | Innkjøp  | 2.616,00         | 5.000         |
| 7530       | Merker, medaljar og liknande                     |                  |               |
| 7540       | Kioskvarer                                       | 242,00           | 1.000         |
| <b>SUM</b> | <b>Innkjøp</b>                                   | <b>2.858,00</b>  | <b>6.000</b>  |
|            | Utgifter inntektsbringande tiltak                | 3.630,00         | 2.500         |
| 7610       | Lotteri, bingo, basarar og liknande              |                  |               |
| <b>SUM</b> | <b>Utgifter inntektsbringande tiltak</b>         | <b>3.630,00</b>  | <b>2.500</b>  |
|            | Reklame/annonse/sponsor og samarb.avtalar        | 214,00           | 200           |
| 7710       | Reklame og annonseutgifter                       |                  |               |
| <b>SUM</b> | <b>Reklame/annonse/sponsor og samarb.avtalar</b> | <b>214,00</b>    | <b>200</b>    |
| <b>SUM</b> | <b>TILSKOT/OVERFØRINGAR, ved innt.tiltak</b>     | <b>6.702,00</b>  | <b>8.700</b>  |
| <b>8</b>   | <b>FINANS-/EKSTRAORDINÆRE POSTAR</b>             |                  |               |
|            | Finansinntekter                                  | -349,56          | -100          |
| 8010       | Renteinntekter                                   |                  |               |
| <b>SUM</b> | <b>Finansinntekter</b>                           | <b>-349,56</b>   | <b>-100</b>   |
|            | Avslutningskonti                                 | 0,00             | 0             |
| 8920       | Årets overskot                                   |                  |               |
| 8930       | Årets underskot                                  | -1.245,94        | 0             |
| <b>SUM</b> | <b>Avslutningskonti</b>                          | <b>-1.245,94</b> | <b>0</b>      |
| <b>SUM</b> | <b>FINANS-/EKSTRAORDINÆRE POSTAR</b>             | <b>-1.595,50</b> | <b>-100</b>   |
|            | <b>Samlet total:</b>                             | <b>0,00</b>      | <b>-1.000</b> |

# OSTERØY IDROTTSKLAG

## SKIGRUPPA

### VALG 1999

#### Med i styret i 1999:

|              |   |                      |                     |
|--------------|---|----------------------|---------------------|
| Leiar        | : | Yngvar Mjelde        | valgt for 1999      |
| Kasserar     | : | Bente Rosvold Midtun | valgt for 1999/2000 |
| Skrivar      | : | Rune Vassdal         | valgt for 1998/99   |
| Styremedlem: |   | Øyvind Aasheim       | valgt for 1998/99   |
| Styremedlem: |   | Arvid Rolland        | valgt for 1998/99   |
| Styremedlem: |   | Øyvind Litland       | valgt for 1999/2000 |
| Styremedlem: |   | Kjersti Småland      | valgt for 1998/2000 |
| Varamedlem : |   | Helge Reigstad       | valgt for 1999      |
|              |   |                      |                     |
| Valnemnd     | : | Svein Refsnes        | valgt for 1999      |
| Valnemnd     | : | Anders Trefall       | valgt for 1999      |
| Valnemnd     | : | Grete Brandsdal      | valgt for 1999      |